

Wenche Kvalvåg Saue Alvær
Espelandsvegen 224
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3719 - 21/31742

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 85/12 Kvalvåg

Tiltak: dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 85/12
Tiltakshavar: Wenche Kvalvåg Saue Alvær
Ansvarleg søkjar: Wenche Kvalvåg Saue Alvær

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tilbygg til naust 23.04.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan med målsatt avstand til nabogrenser skal leggjast ved søknaden. Det ser slik ut at avstand til nabogrense er over 1 m og krev ikkje nabosamtykkje for omsøkt plassering, men dette skal kontrollerast.
2. Det er ikkje opplyst om topp kote mønehøgde og topp ferdig golv på tilbygget.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 09.06.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Wenche Kvalvåg Saue Alvær

Espelandsvegen 224

5258

BLOMSTERDALEN